

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Videomøt 998290
MØTETIDSPUNKT: 17.03.2021, kl. 15.30 – 17.30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Siri Bergsholm Bjørhovde	Medlem
Hilde Helvig Fossmark	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Ragnhild Winum	Medlem
----------------	--------

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerende direktør
Ola Rye	Økonomidirektør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Ørjan Lundgren	Kommunikasjonsleiar
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

OPEN DEL

Sak 01/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden Oppsummering

Deltakrar deltok på videosamband på oppsett videomøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

Sak 02/21 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 10.12.2020

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 10.12.2020.

Sak 03/21 Administrerande direktør si orientering, pkt. 1-4 vart behandla under lukka del av møtet

Oppsummering

5. Ny apotekar ved Sjukehusapoteket i Bergen
6. Innføring av Libra i Sjukehusapoteka Vest
7. Eindose for Helse Vest i Bergen
8. Bandasjstvirksomhet
9. Resultat ForBedring

Administrasjonen orienterte og svarte på spørsmål, og gjorde greie for tiltak som er sette i verk og for vidare oppfølging.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til vitande.

Sak 04/21 Val av styremedlemmer til styret i Sjukehusapoteka Vest HF, valt av og blant dei tilsette

Saka omhandlar val av styremedlemmer til styret i Sjukehusapoteka Vest HF med kunngjøring av valresultat for val av medlemmer og varamedlemmer for 2021-2022.

Valresultat:

Medlemmer:

1. Hilde Fossmark Helvig, Sjukehusapoteket i Stavanger
2. Ragnhild Winum, Sjukehusapoteket i Stavanger
3. Marianne Saugestad, Sjukehusapoteket i Bergen

Varamedlemmer

1. Siri Bergsholm Bjørhovde, Sjukehusapoteket i Haugesund
2. Marianne Heggø Hansen, Sjukehusapoteket i Bergen
3. Nina H. Haakonsen, Sjukehusapoteket i Bergen
4. Espen Frøvold, Sjukehusapoteket i Bergen
5. Siri Utby, Sjukehusapoteket i Bergen

Medlem Marianne Saugestad sluttar i stilling i Sjukehusapoteka Vest 07.06.2021. Første varamedlem, Siri Bergsholm Bjørhovde, går difor inn som fast medlem av styret frå og med 08.06.2021 og ut valperioden 2021-2022.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek val av styremedlemmer til styret i Sjukehusapoteka Vest HF, av og blant dei tilsette, til vitande.

Sak 05/21 Årsrekneskap og Årsmelding 2020 Sjukehusapoteka Vest HF

Oppsummering

Saka omhandlar framlegging av revisorgodkjend Årsrekneskap for 2020 og Årsmelding 2020. Årsrekneskapet for 2020 viser eit overskot på 4.258 mill. kroner. Det kom merknad til at det i Note 6 er oppgitt feil tenesteperiode for styremedlemmene Arve Varden, Eivind Hansen og Bente Aae. Dette vil bli korrigert før signering av rekneskapet.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek årsrekneskap og årsmelding for Sjukehusapoteka Vest HF for 2020. Styret ber om at årsrekneskapet og årsmelding vert lagt fram for føretaksmøte som føretaket sitt årsrekneskap og årsmelding for 2020.

Sak 06/21 Styringsdokument 2021

Oppsummering

Styringsdokumentet klargjer premissar og rammer som gjeld for Sjukehusapoteka Vest HF, og inneheld mål og resultatkrav som blir stilte til Sjukehusapoteka Vest HF frå eigar. Det er eit krav til at ein gjer seg kjend med styringsdokumentet og legg dette til grunn for arbeidet framover. Styret ber administrasjonen følgje opp rammer og premissar i Styringsdokument 2021 bl.a. innanfor områda pasienttryggleik og samhandling med helseføretaka og kommunane, deltaking i klinisk forsking og innovasjon og IKT sikkerhet og personvern.

Vedtak (samrøystes)

Styre tek styringsdokument 2021 for Sjukehusapoteka Vest til vitande.

Sak 07/21 Arbeid med risikostyring i Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

Helse Vest RHF har starta eit regionalt arbeid for å utvikle ein ny modell for risikostyring i Helse Vest og har identifisert fem område som det særleg er behov for å følge opp i føretaksgruppa:

- legemiddelområdet
- vald og truslar mot medarbeidarar
- uønskt variasjon – radiologi og ortopedi
- IKT og informasjonssikkerheit
- ekstern turnover av medarbeidarar

SAV vil følge opp med lokalt forankringsarbeid når rammeverket er klart.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek sak om arbeid med risikostyring i Sjukehusapoteka Vest HF til vitande.

Sak 10/21 Eventuelt

Ingen saker vart teken opp under Eventuelt.

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter jf. Offentleglova §23.1 og Helseføretakslova §26a (2) nr. 4

Sak 03/21 Administrerende direktør si orientering, pkt. 1-4**Oppsummering**

1. Oppfølging etter hending i PRO SIB
2. B-180 Nasjonalt legemiddelberedskapslager
3. Vaksinerings Covid-19
4. Produksjonsstøttesystem i Helse Vest

Administrerende direktør og fagdirektør orienterte og svarte på spørsmål, og gjorde greie for tiltak som er sette i verk og for vidare oppfølging.

Helseføretaka gjer særleg ros til Sjukehusapoteka Vest HF og det arbeidet som er gjort i samband med vaksinerings Covid-19.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til vitande.

Sak 08/21 Verksemdsrapport per februar 2021**Oppsummering**

Rapporten er lagt fram for styret.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapport frå verksemda per februar 2021 til vitande.

Sak 09/21 Rapport 80-20 regelen**Oppsummering**

Sjukehusapoteka Vest HF nyttar Sjukehusapotekføretaka i Noreg si standardiserte rapportering. Sjukehusapoteka Vest HF har eit sal til eigne kundar (eigenregi) på 95,3 % per november 2018. Omsetninga til eksterne kundar har gått opp frå 3,8 % sidan siste rapportering (per november 2017) og er no på 4,7 %, og er innanfor den lovmessige grensa på 20 %.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapportering av 80-20 regelen til orientering.

Skriv og meldingar

- Internrevisjonsplan 2021 for Sjukehusapoteka Vest HF
- Brev av 15.01.2021 frå Helse Vest om Økonomisk Langtidsplan 2022-2026
- Notat av 15.10.2020 frå Helse Vest til føretaka – Regionalt prosjekt for revisjon av retningslinjer for kommersialisering av arbeidsresultater skapt av ansatte i Helse Vest
- Brev av 03.12.2021 frå Helse Vest – Informasjonsbrev fra de regionale helseforetakene til helseforetakene vedrørende beredskapslagre på legemidler
- Innspel til høyring – Forslag til endringar i Covid-19 forskrifta (reiseregistreringssystem – brev av 16.12.2020 frå Helse Vest til Arbeidsgiverforeningen Spekter)
- Årsmelding FAMU 2020
- Årsrapport Digitale Kanaler 2020

.....

Elektronisk signering av protokoll i Admincontrol.